

# Råd om kjøp av berbare datamaskiner for elevar som skal ta til på studie ved Volda vgs.

## Studiespesialisering, Service og samferdsel, Musikk dans og drama , Påbygging til generell studiekompetanse

Har du ei berbar datamaskin som ikkje er meir enn eit par år gammal, er det ikkje noko **problem å bruke den**. Programma vi bruker på desse utdanningsprogramma er OpenOffice, Ordnnett pluss, og ei mengd fagprogram. Dei aller fleste datamaskinene vil ikkje ha problem med å køyre desse programma. OpenOffice er det einaste programmet som vi har som fungerer på alle plattformer. (Windows, Linux og OSX) Dersom du bruker Linux eller OSX, må vi finne løysingar som gjer at du får køyrt dei programma du skal. (Mest truleg dual boot eller virtuelle maskiner)

Skal du kjøpe ny, så er det veldig mykje å velje mellom. Det aller meste av det du finn på marknaden i dag er meir enn godt nok, men det er lurt å tenkje på at den skal vare i minst 3 år. Det er ein fordel å kjøpe ei maskin av eit kjent merke. Bruk Internett for å lese testar/brukar erfaringar før du bestemmer deg.

Tenk over dette når du bestemmer deg for maskin:

- Garanti (Du bør ha 3 års garanti.)
- Uhellforsikring (Ein fordel)
- Lånemaskin (Enkelte leverandørar har gratis lånemaskin om di maskin må sendast inn. Skulen har også nokre lånemaskiner)
- Lokal verkstad (Slik at du slepp å sende frå deg maskina for å ordne småting)

## Medium og kommunikasjon

Dette utdanningsprogrammet har litt andre behov enn dei andre. Anbefalte spesifikasjonar:

To-kjerneprosessor (Dei aller fleste nye berbare maskinene har det i dag.)

Kraftig skjermkort

2 GB minne

250 GB harddisk

Firewire port (IEEE 1394) (For å kunne spele inn video frå kamera)

*Er du i tvil om kva maskin som passar til deg, ta kontakt med ein av leverandørane som Møre og Romsdal fylke har rammeavtale med. Dei vil før skulestart ha tilbod på fleire typar maskiner i forskjellige prisklasser.*

*Leverandørane er:*

- AR-Data (Volda)
- IT-Partner Møre (Molde)
- Ementor (Ålesund)
- Adcom (Molde)